

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 65/2007**

av 15. juni 2007

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område
utanfor dei fire fridomma ne**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 138/2006 av 27. oktober 2006(¹).
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1672/2006/EF av 24. oktober 2006 om skiping av eit fellesskapsprogram for sysselsetjing og sosial solidaritet – Progress(²), endra ved TEU L 65 av 3.3.2007, s. 12.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2007 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I protokoll 31 artikkkel 5 vert det gjort følgjande endringar:

1. Ny tekst i nr. 5 skal lyde:

”5. EFTA-statene skal delta i fellesskapsprogrammene og -tiltakene nevnt i de to første strekpunktene i nr. 8 fra 1. januar 1996, i programmet nevnt i tredje strekpunkt fra 1. januar 2000, i programmet nevnt i fjerde strekpunkt fra 1. januar 2001, i programmene nevnt i femte og sjette strekpunkt fra 1. januar 2002, i programmene nevnt i sjuende og åttende strekpunkt fra 1. januar 2004 og i programmene nevnt i niende og tiende strekpunkt fra 1. januar 2007.”

(¹) TEU L 366 av 21.12.2006, s. 83, og EØS-tillegget til TEU nr. 64 av 21.12.2006, s. 11.

(²) TEU L 315 av 15.11.2006, s. 1.

2. I nr. 8 skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32006 D 1672**: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1672/2006/EF av 24. oktober 2006 om skaping av eit fellesskapsprogram for sysselsetjing og sosial solidaritet – Progress (EUT L 315 av 15.11.2006, s. 1), endra ved TEU L 65 av 3.3.2007, s. 12.”

Artikkkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2007.

Artikkkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 15. juni 2007

For EØS-komiteen

A. Seatter

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.